

**PROTOKOLL NR.** : 02 i tingperioden 2011-2013

**FRÅ** : Langrennskomiteen

**STAD/DATO** : Skei, 23. april 2014

**TIL STADES** : Arthur Hegrenes, Oddmund Lefdal, Torunn Grut, Eivind Skaar,  
og Yngve Thorsen (adm)

**FRÅFALL** : Jo Inge Skålbones

**ANDRE OPPL.** : Krinslagstrener Per Sigve Selseng deltok i møtet i samband med  
*Sak 11 13-15 og 12 13-15*

**REFERENT** : Yngve Thorsen

**SAKER** :

*Sak 09 13-15* **Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 01 13-15**  
*Sak 10 13-15* **Generell oppsummering av sesongen 2013-2014**  
*Sak 11 13-15* **Krinslagsaktiviteten 2013-2014/2014-2015**  
*Sak 12 13-15* **Evalueringsmøte - krinslaget**  
*Sak 13 13-15* **Handlingsplan 2013-2014**  
*Sak 14 13-15* **Terminlisteprosessen 2014-2015**  
*Sak 15 13-15* **Sognefjellet Sommarskiskule 2014**  
*Sak 16 13-15* **Jentesamlingar 2014-2015**  
*Sak 17 13-15* **Status markedsarbeid**  
*Sak 18 13-15* **Vårmøte 2014**  
*Sak 19 13-15* **Rekneskap pr. 31.12.2013**  
*Sak 20 13-15* **Budsjett 2014**

Eventuelt

---

*Sak 09 13-15* **Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll nr. 01 13-15**  
**Bakgrunn**  
Innkalling, sakliste og protokoll nr. 01 13-15 er utsendt på førehand.

**Vedtak**

Langrennskomiteen godkjenner innkalling, sakliste og protokoll nr. 01 13-15.

*Sak 10 13-15* **Generell oppsummering av sesongen 2013-2014**  
**Bakgrunn**

Langrennskomiteen oppsummerte sesongen 2013-2014 på følgende område:

- Snøsituasjonen i Sogn og Fjordane
- Rennavvikling (terminliste)
- Sportslege resultat
- Ambulerande trener
- Hovudlandsrennet 2014
- Generell rennavvikling; tidtaking (EMIT), brikkeleige m.m.

- behov for smørekurs

### **Vedtak**

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at ein skal legge til rette for kurs i tidtaking (EMIT) og smørjekurs. Tiltaka skal gjennomførast hausten 2014.

## **Sak 11 13-15**

### **Krinslagsaktiviteten 2013-2014/2014-2015**

#### **Bakgrunn**

Krinslagstrenar Per Sigve Selseng orienterte om krinslagsaktiviteten 2013-2014 på følgjande område:

- Sportslege resultat
- Miljø og treningsnivå på krinslaget
- Impulslag
- Satsingsgruppa
- Oppfølging av utøvarar
- Samlingsaktiviteten 2013/2014
- Logistikk kring nasjonalerenn og meisterskap (smøreteam m.m.)

Når det gjeld krinslagsaktiviteten for sesongen 2014-2015 har ein økonomiske rammer til å fortsette på same nivå og med same struktur som i sesongen 2013-2014.

Adm. gjer framlegg om at komiteen bør vurdere å heve krinslagskontingenten, slik at t.d. krinslagskleda kan inngå i den ordinære kontingenten.

### **Vedtak**

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om at krinslagskontingenten skal hevast med kr. 2 500,-.

Ein gjer vidare vedtak om at krinslagskleda skal inngå i kontingenten.

## **Sak 12 13-15**

### **Evalueringsmøte - krinslaget**

#### **Bakgrunn**

Langrennskomiteen fastset saman med krinslagstrenarane tid, stad og øvrige rammer for evalueringsmøte med krinslaget.

### **Vedtak**

Langrennskomiteen gjer vedtak om at evalueringsmøte skal gjennomførast på Skei, Skei Hotel, onsdag 14. mai 2014.

## **Sak 13 13-15**

### **Handlingsplan 2013-2014**

#### **Bakgrunn**

Handlingsplan 2013-2014 er utsendt på førehand.  
Komiteen gjekk gjennom status i handlingsplanen 2013-2014.

### **Vedtak**

Langrennskomiteen tek saka til orientering, og gjer vedtak om at leiar og adm. får fullmakt til å utarbeide ny handlingsplan for sesongen 2014-2015.

Ny handlingsplan skal handsamast i samband med neste møte i komiteen.

### **Sak 14 13-15**

#### **Terminlisteprosessen 2014-2015**

##### **Bakgrunn**

Rammene for langrennskomiteen si terminliste 2014-2015 skal leggest fram for Vår møtet 03. juni, før den vert sendt til høyring i laga. Endeleg handsaming av terminlista skjer i samband med langrennskomiteen sitt Haustmøte.

##### **Vedtak**

Langrennskomiteen gjer vedtak om at Oddmund Lefdal og adm. skal ha ansvar for prosessen med terminlista 2014-2015.

Ein gjer vidare vedtak om følgjande retningslinjer for utarbeiding av terminliste 2014-2015:

- Krinsmeisterskapen 2015 skal avviklast over ei heil helg, fredag- søndag. Aktuell arrangør er Eid IL evt. Markane IL.
- Ein skal terminfeste min. 1 arrangement i langrennscross (BBIL/IL Bjørn).
- Ein skal terminfeste 1 stk. arrangement i duathlon.
- Ein skal terminfeste min. 1 arrangement med fellestart.
- Vintersamling for HL 2015 skal terminfestast
- Ein skal vurdere om stafett skal leggest inn i terminlista (Markane IL).

### **Sak 15 13-15**

#### **Sognefjellet Sommarskiskule 2014**

##### **Bakgrunn**

Sogn og Fjordane Skikrins samarbeider med Sognefjellet Sommarskisenter vedr. Sognefjellet Sommarskiskule 2014.

Sommarskiskulen vert avvikla i perioden 23.-27. juni (parallelt med skitrenarutdanninga på sommarsnø).

Tilbodet vart lyst ut i begynnelsen av mars, og førebels ser det ut for at påmeldinga til sommarskiskulen er svært god.

Trenarar på årets sommarskiskule er;

- Ingrid Narum
- Eivind Skaar
- Kjetil H. Strømmen
- Daniel Tormodset
- Roger Øye Pollen
- Vegard Furevik
- Yngve Thorsen

##### **Vedtak**

Langrennskomiteen tek saka til orientering.

### **Sak 16 13-15**

#### **Jentesamlingar 2014-2015**

##### **Bakgrunn**

Langrennskomiteen har tidlegare drøfta behovet for eigne samlingar for jenter, og komiteen bør vurdere om ein skal setje i verk ei eller fleire slike samlingar sesongen 2014-2015.

### **Vedtak**

Langrennskomiteen gjer vedtak om at Torunn Grut utarbeidar eit opplegg for jentesamlingar sesongen 2014-2015.

### **Sak 17 13-15**

#### **Status markedsarbeid**

##### **Bakgrunn**

Langrennskomiteen har p.t. følgjande samarbeidsavtalar med næringslivet:

<b>Verksemd</b>	<b>Grein</b>	<b>Varigheit</b>	<b>Går ut</b>
Byggteam	Langrenn	2 år	2015
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	3 år	2015
G-Sport/Erdal Sport AS	Langrenn	2 år	2014

Vidare kjem ein til å inngå ein ny samarbeidsavtale med SFE frå hausten 2014.

Avtalen har ein verdi på kr. xx xxx-, pr år, men ein skal vere merksam på at denne summen skal delast med hopp- og kombinertkomiteen. Dette heng saman med at SFE dei seinare åra har hatt ein eigen samarbeidsavtale med Sogn og Fjordane Skikrins hopp- og kombinert.

### **Vedtak**

Langrennskomiteen teka saka til orientering.

### **Sak 18 13-15**

#### **Vårmøte 2014**

##### **Bakgrunn**

Skikrinsstyret har tidfesta Vårmøte til 03. juni 2014. Møtet vert avvikla på Skei, Skei Hotel.

### **Vedtak**

Langrennskomiteen gjer vedtak om følgjande sakliste i samband med Vårmøte 2014.

- Innlegg v/ Sportssjef i NSF Åge Skinstad  
NB! Evt. deltaking frå Skinstad er ikkje stadfesta p.t.
- Evaluering av sesongen 2013-2014 v/ Arthur Hegrenes
- EMIT demo v/ Oddmund Lefdal
- Terminlista 2014-2015 v/ Oddmund Lefdal
- Krinslagsaktiviteten v/ Arthur Hegrenes
- Behov for smørekurs v/ Eivind Skår
- Praksis for brikkeleige v/ Oddmund Lefdal
- Jentesamlingar v/ Torunn Grut
- Økonomi, budsjett v/ Yngve Thorsen

### **Sak 19 13-15**

#### **Rekneskap pr. 31.12.2013**

##### **Bakgrunn**

Rekneskap for 2013 er utsendt på førehand.  
Adm. la fram rekneskapen.

### **Vedtak**

Langrennskomiteen godkjenner rekneskapen for 2013.

**Sak 20 13-15**

**Budsjett 2014**

**Bakgrunn**

Framlegg til budsjett for 2014 er utsendt på førehand.

Rammene for budsjettet er godkjent av Skikrinsstyret i møte 03. desember 2014.

Adm. presenterte framlegg til budsjett 2014.

**Vedtak**

Langrennskomiteen godkjenner budsjettet for 2014.

**Eventuelt**

Med venleg helsing

Arthur Hegrenes (s)  
Leiar LK

Ref.

Yngve Thorsen (s)  
Adm. sjef